Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39 Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Ullensvang

Emne: Högtids mat ved fam. fester Bygdelag: Sörfjorden

Oppskr. av: Rüdar Rogdo. Gard: Rogdo

(adresse): Barkåker st. G.nr. 62 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I. Födselen.

1. Det var skikk at grannekonene og slektningar eller kjenningar som og büdde lenger borte kom med mat til sengekona.

2. Grannekonene künne koma ei og ei eller fläire samstündes. Var det folk langveges-ifrå kom dei ofte i flokkar.

3. För var det graut som vart nytta til sengekonemat så det var ikkje aktüelt med nokor slike avtale då. No hender det at dei brukar annan mat, men me har heller ikkje no höyrdt om noko slikt.

4. Vitjingane byrja straks etter at barnet var kome til verda.

5. Ei og same kona kom med sengekonemat berre ein gong ved kvar födsel.

6. För var det graut som vart nytta. Den var koka av

8758

risengryn og der var mykje godt i han så han var sers god. I det siste har det hendt at dei og nytta kaker eller anna godt til sengekonemat.
8. Det vart nytta både ambar og grautefat til å frakta grauten i.
9. Grauten vart kalla senge-konegraut. Annan mat vart kalla sengekonemat.
10. Det var kona sjölv som gjekk med denne maten.
11. Det var ikkje vanleg at mannen fylgde med.
12. Sendingsfolket vart alltid traktere, både med den maten dei sjölve kom med og den som andre hadde kome med. Det var ikkje nokon skilnad på dette, anten den nyfödde var gut eller gjente.
13. Eg veit ikkje om at dei hadde noko sers namn på slike gjestebod.
14. Det var alltid vanleg at sendingsfolk fekk traktering. Eg har ikkje höyrdt om noko konemåltid eller at sengekona var oppe att.
15. Det var ikkje nokon fast regel at berre gifte mödrar skulle få sengekonegraut.

8758

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

16. Me kan ikkje seia akkurat kva tid du byrja å bruka annan mat til sendingane enn graut. Men det er i den seinare tid. For 40-50 år tilbake var det berre graut som vart bruka.
17. Konene hadde ikkje noko gåve til den nyfødde når du var med sengekonemat.
18. Det er ikkje vanleg no heller.
19. Det hende at du hadde dåpskalas fyr. Då var det som regel berre fadrane og huslens folk som fekk mat. No har det vorte meir vanleg med dåpskalas, og no vert gjerne fleire bedne, både slektningar og kjenningar.
20. Dåpskalaset vart kalla barnsöl.
21. Det var ikkje vanleg at gjestene sende mat til gjestebodet fyr. Noko bestemt matsetel var det ikkje.
23. No hender det nok at sume av gjestene ber mat med seg til barnsöla.

B. Födselsdag.

24. Födselsdagen vart svært skjeldan feira for barn fyr. Ein höyrde og svært skjeldan om at du vaksne feira födselsdagen sin då.
25. No er det vanleg at det vert halde födselsdagsgilde ved runde

8758

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

kal år, men ikkje kvart år.

26. Det er så ymist kven som vert bedne i fødselsdagsgilde. Det kan vera både slektningar og kjenningar. No hender det og at det kjem ubedne gjester for og ynskja til lukke med dagen.

27. Det hender at det vert gjevne gåvor til fødselsdagen. Det kan vera både bedne og ubedne gjester som gjev dei. Ofte er desse gåvone i form av kaker o. l. til gjestebodet.

28. Ike kan ikkje seia sikkert om dei hadde nokon spesiell matrett til fødselsdagen i eldre tider.

29. No er det ikkje nokon spesiell rett. Blautkake med ljos på vert ikkje mykje brukt.

C. Konfirmasjon.

30. Konfirmasjonsdagen var det heller ikkje mykje vanleg å fira før. Det hende av og til at det vart halde eit lite lag om kvelden.

31. No er det vanleg med konfirmasjons-selskap. Det har kome i bruk i dei siste 20-30 åra.

32. Ein bed slekt- og kjensfolk. Læraren og presten er til vanleg ikkje i desse selskapa.

33. Det har ikkje - og er ikkje ~~...~~

8758

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

vanleg frambeiing med matsendingar til konfirmasjon.

34. Det er skikk at gjestene gjev gåvor til konfirmanten. Han får og ofte gåvor frå slektningar og kjenningar som bur så langt vekk at dei ikkje har höve til å vera i gjestebodet.

35. Ein har ikkje visse kaker eller rettar til konfirmasjon.

~~D~~

D. Bryllaup.

36. Me kan ikkje hugsa om at det vart halde forlovingsgjestebod.

37. Me har höyrdt at det vart halde festaröl i eldre tider. Den skikken er utdöydd no.

38. a) Til vanleg var det 5 måltid i dei vanlege 2 dagars bryllaupa me kan hugsa frå Hardanger.

b) Det fyrste måltidet var straks etter at gjestene var samla i bryllaupsgarden. Då var det kaffimat med mjölkekaker, potetkaker og hakkastuk. Neste måltid var middagen. Den var etter at folka var komne frå kyrkja. Me veit ikkje om at dei hadde nokon spesiell rett til denne middagen. Så var det kveldsmaten då det leid på dagen. Då var det kaffimat som til frukosten.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Dagen etter fekk gjestene som regel frukost og middag.

b) Mjølkekaker, potetkaker, vafler og hakkasteik var rettar som vart nytta i alle bryllaup.

d) Me kan ikkje hugsa at dei hadde noko fast program for andre dagen i bryllaupet. Me hugsar ikkje etter bryllaup som varde lenger enn i to dagar.

39. Alle gjestene hadde som regel gåve til brurparet. Sendingar elles kan me ikkje seia noko heilt sikkert om, men me meiner at det var vanleg at sume folk hadde med seg ein ambar med gomme til bryllaupsgarden.

40. Me veit ikkje noko om at dei pynta maten på ein serskild måte.

42. Noko namn på sendingane veit me ikkje om

43. Det var mest vanleg at ein av gjestene bar sendinga med seg når dei gjekk til bryllaupet.

46. Dersom det vart sendt noko mat heim med gjestene så var det vertsfolka som stod for det

Dei låga som regel ei

8758

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

kom til å koka i bryllaupet.
Ho vart kalla kokke.
47. Dei vanlege 2-dagars bryllaupa vert haldne framleies.
48. Det er ikkje vanleg å halda bryllaup på hotell.
49. Det hender at dei forlova reiser til byen og vert vigde der, utan å halda bryllaup.
50. I slike høve får brure-paret mykje mindre gåvor enn elles.
51. Det vert ikkje halde fest på bryllaupsdagen kvart år. Men dei held sylvbryllaup og gullbryllaup.

E. Gravøl.
52. Slektningar og skyldfolk vart fyrst og fremst bedne. Vidare hadde ein før eit visst bedelag som ein laut beda inn. Det var som regel dei næraste gardane. Ein person frå likferdsgarden gjekk ikring og bad.
53. Gravølet varde i ein dag. Det var i högda tre måltid som högde til.
54. Det var frukost, middag og eit måltid etter middagen med kaffimat.
55. Det var ikkje noko sort ~~mat~~ som ikkje burde nyttast ved gravferdsmiddagar. Det var ~~mat~~


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

om

56. Hovudmåltidet var middagen. Me veit ikkje om noko sers namn på det.

57. Gravøla heldt dei alltid heime før.

58. Gjestene bar sendingane med seg. Det kunne vera mjølkekaker, potetkaker, vaflar, smør m. m.

59. At dei ymse matvarer skulle vera pynta eller pakka på nokon viss måte, har me aldri høyrdt.

61. Det var ikkje nokon skilnad på maten anten den døde hadde vore gift eller ugift.

62. Me kan diverre ikkje fortelja noko om overgangsformene frå dei gamle gravøla som varde i fleire dagar og til dei eitdags som ein har no.

63. Før hende det at dei serverte øl i gravøl. No er det heilt slutt med det.

64. Heimebrygging og gamaldags sending har ikkje halde seg lenger ved gravøl enn ved andre gjestebod.

65. Oppvartinga ved gravferder er no omlag som før. Det einaste som er annleis er at dei no serverar eine det blautkaker.

66. Alkohol vert ikkje nytta i grav-

8758

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

ferdar lenger.
67. Ein held ikkje gravferdsmiddagar på hotell.
68. Det er ikkje vanleg å nytta skriftleg innbjoding. Det kan einast koma på tale når ein bed folk frå andre bygder.
69. Det er i dei siste 20-30 åra at det har vorte vanleg å avertera dødsfall i avisene.

F. Nye festar.

70. Det har ikkje laga seg noko tradisjon om kva ein skulle ha til mat 17. mai.
71. Morsdagen vert feira med fest på bygdelokalet.
72. Det er ingen som feirar farsdagen enno.
73. Noko bestemte rettar er der ikkje til desse dagane, men det er vanleg at borna kjøper ei god kringle eller kake som du gjev mor si på morsdagen.
75. Me kan ikkje seia sikkert korleis morsdagen vart kjend ~~hjå~~ i heimbygda vår. Truleg var det gjennom avisene. Farsdagen vart kjend ved avisar og radio, men den vert som før nemnt ikkje feira enno.

8758

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING